

Felleskjønnet i bergensk Resultat av mellomnedertysk kvantitetspåverknad?

Av Eldar Heide

Kvifor bergensk ikkje har hokjønn, men har fått felleskjønn av opphavleg hankjønn og hokjønn, er ei gammal nøtt i norsk målgransking. Eit sentralt spørsmål er om -n i opphavlege hokjønnsformer er overført frå hankjønn (pga. intern vokster eller språkkontakt) eller er lydrett. Forfattaren argumenterer for at det er lydrett, og føreslår ei ny forklaring av samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformer: På grunn av påverknad frå mellomnedertysk, som ikkje hadde kvantitetsmotsetnad i trykklett staving, vart kvantitetsmotsetnaden i trykklett staving i bergensk avvikla før kort endings-n var bortfallen. Dermed fekk bergensk samanfalle mellom former som eiginn og eigin. Fordi andre kjønnsmarkerande ord (einn, þann, hinn, hann, hon m.fl.) ofte står trykklett i setninga, kunne den same mekanismen gje samanfalle der òg. Samanfallet mellom dei to n-kvantitetane oppheva tendensen til å la den korte falle, med di det ikkje lenger var behov for å halde to n-kvantitetar frå einannan. Artikkelen bygger på fonologiske resonnement ut frå gammalnorsk og mellomnedertysk, på lydlovsresonnement ut frå moderne nordiske mål og målføre, og på eit språkkontaktresonnement.

1 Tidlegare forskning

Etter mitt syn er det grunnleggande spørsmålet i drøftinga av felleskjønnet i bergensk om -n i opphavlege hokjønnsformer er lydrett eller ikkje. Dersom det er lydrett, så utelukkar det den eine forklaringsgruppa, og er det ikkje lydrett, så utelukkar det den andre forklaringsgruppa. Dette har ikkje vori gjort til noko hovudpoeng i forskinga til no, men fordi det er så avgjerande, deler eg det forskingshistoriske oversynet i dei som meiner -n i opphavlege hokjønnsformer i bergensk er lydrett, og dei som meiner (eller ser ut til å meine) at det ikkje er det.

* Takk til Endre Mørck og Trond Trosterud for lesing av utkast til artikkelen.

1.1 Lydrett

I *Bergens bymål* beskriv Larsen og Stoltz (1912: 54) den bergenske særvoksteren slik: “Hankjøns artikkel **-nn** blev [...] forkortet til **-n**, og hunkjøns artikkel **-n** blev bevaret som **-n**.” Dei meiner altså det er lydrett vokster at *-n* står i opphavlege hokjønnsformer i bergensk. Forklaringa på at *-n* kunne bli ståande, når det fall elles i norsk, søker Larsen og Stoltz i at Bergen tidleg fekk full vokalreduksjon. Det viser at endingane i bergensk var meir trykklette enn i andre mål, og derfor vart *-n* ståande der, meiner dei (ibid: 52–53). Den bergenske vokalreduksjonen forklarar Larsen og Stoltz i sin tur med hyperkorreksjon av austnorske statusformer: Vestlandsk kjende ikkje jamvektregelen, og derfor vart vokalreduksjonen i langstavingsformer som bergensarane kjende frå eit austlandsk statusspråk, gjennomført over heile linja (ibid). Indrebø (1951: 238) seier berre at “Bergens bymål heldt ved lag” kort *n* i trykklett utlyd og at “Dette er heimleg arv” (altså lydrett, tolkar eg han som). I *Bergens eldste bymål* avviser Sørлие (1969: 39) Larsen og Stoltz sitt resonnement som “merkelig”. Også han meiner det er lydrett vokster at *-n* står. Men han meiner at “Den egentlige grunn til at konsonanten er bevart i endingsartikkelen i hunkjønnsord er [...] det tidlige sammenfallet med hankjønnsartikkelen” (Sørлие 1969: 39). Sørлие er ikkje heilt klår på dette avgjerande punktet, men den rimelegaste tolkinga er vel at han meiner hokjønnsformene slutta seg til hankjønnsformene, fekk same form som dei, altså lang *n* i staden for kort *n*. Resonnementet Sørлие brukar, tyder på at det er det han meiner: Han argumenterer med at hokjønnsformene lettare kunne “assosiere seg med hankjønnsordene” etter at vokalreduksjonen oppheva det delte hokjønnet i bergensk (ibid: 39–40) – *bókin* : *gáfan* vart /bo:kæn/ : /gɔ:væn/. Og han viser til at hokjønnsord i Bergens bylov i AM 322 fol. (hd. c) frå ikring 1320 har same skrivemåte som hankjønnsorda: Til dømes *bókin* blir skrivi *bokiñ*. Forkortingsteiknet over *n*-en representerer ein nasal, så med forkortinga oppløyst blir skrivemåten *bokinn* – altså det vi kjenner som “hankjønns-skrivemåte” (Sørлие seier ikkje at det er det). Sørлие føreslår likevel ingen grunn til samanfallet, utover det at vokalreduksjonen letta det. Også Pettersen (1996: 19–20) meiner at ståande *-n* i hokjønn er lydrett vokster i bergensk. Han strekar under at gammalnorsk hadde lang *-n* i hankjønnsartikkelen, og kort *-n* i hokjønnsartikkelen, og seier det bergenske genussamanfallet kjem av at “den lange og den korte *-n* i artikkelen [falt] sammen” (ibid: 20). Noka forklaring har han ikkje. Skjekkeland (1997: 130) meiner òg at *-n* i opphavleg hokjønn er lydrett i bergensk, men nemner ingen grunn til særvoksteren.

1.2 Ikkje lydrett

Beito (1954: 1) seier at bymålet i Bergen har “samanfall av hankjønn og hokjønn til eit samkjønn, som mykje har sine formelle kjennemerke frå hankjønn”. Det er uvisst, men mogleg, at han med det meiner at *-n* i opphavleg hokjønn i bergensk ikkje er lydrett, men overført frå hankjønn. Torp og Vikør (1994: 78) meiner i alle fall at *-n* i opphavleg hokjønn “kjem [...] av at [...] hankjønn [...] har trengt ut hokjønnsbøyinga”. Nokon grunn til at dette skal ha skjedd, nemner dei ikkje. Argumentet for at det har

skjedd, er at “bergensarane seier *han* ikkje berre om oxen, men også om ‘kyren’ (*kua*)”. Jahr (1995) kjem inn på genussamanfallet i ein artikkel der han går inn for å leggja større vekt på språkkontakt som forklaring i språkhistoria. Vanskane med å forklare ein del bergenske dialektformer, som i Noreg er avvikande, meiner Jahr kjem av at granskarane har arbeidd innanfor eit junggrammatisk stamtreparadigme, som gjev lite rom for språkkontakt som forklaring. Jahr peikar på “den spesielle språkkontakt-situasjonen som fantes i Bergen da den moderne bergensdialekten utvikla seg” (ibid: 16), og meiner dei avvikande trekka i bergensdialekten kan forklarast ut frå den. Når det gjeld genussamanfallet, viser Jahr til Trudgill sitt arbeid (Trudgill 1986, 1994), som viser at dialektkontakt ofte fører til grammatisk forenkling (“simplification”). På bakgrunn av det forklarar Jahr det bergenske togenussystemet som ei “grammatisk forenkling i forhold til det en ellers ofte finner i norske dialekter” (Jahr 1995: 17). Jahr går ikkje inn på om ståande *-n* i opphavleg hokjønn i bergensk er lydrett eller ikkje, men det følgjer vel av resonnementet hans at det ikkje er lydrett. (I det heile er argumentasjonen til Jahr svært knapp.) Vidare avviser Jahr Larsen og Stoltz si forklaring fullstendig fordi betydeleg innvandring frå Austlandet i den aktuelle perioden ikkje er kjend (ibid: 15). Nesse (2002) følgjer opp språkkontakttilnærminga i doktoravhandlinga si, som inneheld den ferskaste og mest omfattande drøftinga av genussamanfallet i bergensk. Ho meiner det var “passiv tospråkligheit” (ibid: 137) mellom nordmennene og nordtyskarane i Bergen i seinmellomalderen. Begge gruppene brukte morsmålet sitt i handelssamkvem og anna hopehav, men i ei form som var tilpassa oppfatningsevna til den andre parten (ibid). Dette sluttar ho ut frå at kjeldene ikkje inneheld noko som tyder på at tyskarane og nordmennene brukte eit felles språk i handelssamkvemet. Bruken av omgrepet passiv tospråklegheit er ei vidareutvikling eller ei presisering av Braunmüller (1995) sitt forslag om at det var “semikommunikasjon” mellom skandinavar og nordtyskarar i seinmellomalderen.

Når Nesse skal forklare samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformene i bergensk, legg ho likevel større vekt på kontakt mellom norske dialektar i Bergen enn mellom norsk og nedertysk. Ho sluttar seg til Jahr (1995: 17) si forklaring av samanfallet: Dialekt- og språkkontakt har ført til grammatisk forenkling, færre grammatiske kategoriar. Men Jahr kommenterer ikkje kva former som drog det lengste strået i tevlina, eller kvifor akkurat dei formene gjorde det. Nesse sitt forslag er at hankjønnsformene trengde ut hokjønnsformene, gjennom *levelling*: “en utjevning der de hyppigst forekommende endelsene i de ulike talemålene/språkene i byen ble foretrukket” (Nesse 2002: 231).

Nesse viser til “den sterke stillingen endelsen *-en* har i nedertysk og dansk, og i norske dialekter” (ibid: 244). “Endelsene i bestemt form sg. i de feminine substantivene veksler svært mye i dialektene, og det har vært vanskelig å feste seg ved en av dem” (Nesse 2002: 231). Endinga *-en* er vorten “foretrukket som ‘the most simple or most natural or most unmarked variant present in the mixture’”, seier Nesse med eit Trudgill-sitat (Trudgill 1994: 103, Nesse 2002: 231). I dette ligg at *-n*-endinga i opphavlege hokjønnsformer er overført frå hankjønn. Dette er i prinsippet same forkla-

ringa som Torp og Vikør (1994: 78) har sett fram. (Nesse nemner likevel ikkje Torp og Vikør i samband med resonnementet.) Nesse sitt bidrag er å føreslå ein mekanisme som kunne ha forårsaka ei slik utvikling.

Nesse syner òg at bergensdialekten ser ut til å ha hatt tre kjønn også etter at hankjønn og hokjønn hadde fått felles bøyingsendingar. Genussamanfallet skjedde altså i to fasar. I den fyrste fasen vart det samanfall av endingane i bunden form eintal av hankjønns- og hokjønnsstaktiv, i artiklar, eigedomspronomen og adjektiv som *liten* (Nesse 2002: 231). Dette skal ha teki til på 1300-talet (ibid: 226–27) og vera fullført på 1400-talet, seier Nesse (ibid: 231). Det er denne prosessen granskarane til no har oppfatta som genussamanfallet. Men med finlesing av bergenske 1500-talstekstar syner Nesse at det heilt til slutten av 1500-talet (ibid: 226) ser ut til å ha vorti skilt mellom hankjønn og hokjønn, men berre markert med anaforisk pronomen: “Det har i denne perioden altså hett *e(i)n liten bok, den boken min*, men henvisning har det vært med *hon*” (ibid: 232). Nesse (ibid: 219, 224) viser til at eit slikt system også er kjent frå delar av Skåne i nyare tid (Pedersen 1999: 84), og at Pedersen (1999) meiner å påvise eit slikt system også i ein overgangsperiode i københavnsk på 1500-talet. Dette systemet vart så – “trolig etter en lang periode med mye variasjon” – avløyst av eit system med berre *han* som anaforisk pronomen (Nesse 2002: 232).¹ Da fyrst skjedde altså det eigentlege genussamanfallet. Her har Nesse kommi med viktig, ny kunnskap. – At *han* trengde ut *hon* som anaforisk pronomen (og ikkje omvendt), forklarar Nesse med at *han* var mindre markert (ibid: 231).

2 Drøfting

2.1 Problem med tidlegare forklaringar

Eg sluttar meg til Nesse si forklaring av den siste fasen i genussamanfallet i bergensk. Derimot meiner eg den fyrste fasen, der hankjønn og hokjønn får felles endingar, bør drøftast nærare. Før eg går inn på det avgjerande spørsmålet om *-n* i opphavleg hokjønn er lydrett eller ikkje i bergensk, vil eg gå nærare inn på resonnementet til Nesse, uavhengig av dét spørsmålet.

Den mekanismen Nesse meiner har favorisert hankjønnsendinga, er problematisk etter mi vurdering. Som nemnt, meiner ho mekanismen var at dei oftast høyrde endingane vart føretrekte (Nesse 2002: 231). “[...] bestemt form av de feminine substantivene [stod] i særlig grad [...] for fall, i og med at det er en kategori der variasjonen er svær i norsk, særlig når en tar med alle variasjonsmulighetene en finner ved delt femininum” (Nesse 2002: 230–31). Her ser Nesse ut til å føresetta ein situasjon der hokjønnsformene i *nyare tids* målføre tevla med hankjønnsformene i språksmelte-digelen Bergen. I målføra i nyare tid spriker hokjønnsformene svært, det er sant, men det var ikkje likeins på 1300-talet. Og ein kan ikkje føresetta at den viktigaste dialekten, bergensk, hadde delt hokjønn da den tenkte tevinga mellom hokjønnsending og hankjønnsending fann stad. Det plasserer i så fall samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsending før vokalreduksjonen, som oppheva det delte hokjønnet (*mýrin* :

gáfan vart /my:ræn/ : /gɔ:væn).² Men det er neppe grunnlag for å plassere samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformene før det. (Sørliie [1969: 24–30] meiner vokalreduksjonen vart gjennomført på 1300-talet.) Tvert imot er det vel rimelegare om vokalreduksjonen hjelpte fram samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsendingane, fordi reduksjonen førte til færre skilnader mellom kjønna (når alt hokjønn fekk same endingsvokalen som hankjønn). Ein annan stad ser dét også ut til å vera Nesse sitt syn (Nesse 2002: 230).

Det er også problematisk at Nesse (ibid: 231) som ein del av resonnementet om at hokjønnsendinga trekte det kortaste strået, viser til “den sterke stillingen endelsen *-en* har i nedertysk og dansk, og i norske dialekter”. Her ser Nesse ut til å føresetta at hokjønn hadde mista *-n*-endinga da samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformer skjedde. I så fall kan samanfallet neppe ha skjedd før utpå 1400-talet (dersom vi reknar med at bergensk fekk *n*-bortfall samstundes med at omlandet fekk det. Jamfør Indrebø 1951: 238). Det er lite truleg. (Nesse ser heller ikkje ut til å meine at det var slik, ho sluttar seg til Sørliie si 1300-talsdatering av samanfallet.)

Meiner Nesse derimot at formsamanfallet skjedde før eit hypotetisk bortfall av kort utlyds-*n* i bergensk, så får resonnementet hennar problem med lengda på utlyds-*n*-ane i norsk og mellomnedertysk. Som kjent hadde gammalnorsk både kort og lang *n* i utlyd, med tydingsskiljande motsetnad. Ofte var det lengda på utlyds-*n*-en (og berre den) som skilde mellom hankjønn og hokjønn.³ Mellomnedertysk hadde derimot berre korte konsonantar i utlyd (jf. Braunmüller 1995: 35, 38, 45). Ein gammalnorsktalande ville derfor neppe assosiere den mellomnedertyske utlyds-*n*-en med norske hankjønnsformer. For den mellomnedertyske utlyds-*n*-en var kort, medan dei norske hankjønnsformene hadde lang utlyds-*n*. Dersom den utlyds-*n*-en bergensarane høyrde hos hanseatane påverka ein tenkt dragkamp mellom hankjønns- og hokjønnsformer i bergensk, burde det derfor vera til fordel for dei norske hokjønnsformene, ikkje hankjønnsformene.

Likevel kan Torp/Vikør og Nesse (og Jahr meiner vel det same) ha rett i at *-n* i opphavlege hokjønnsformer i bergensk er overført frå hankjønn. Ein kunne da tenkt seg noko slikt som at hankjønnsendinga blir generalisert fordi hankjønn skal vera “defaultgenus” i norsk (Trosterud 2001). Jamfør at oppimot 90 % av dei engelske lånorda i norskamerikansk vart hankjønn (Haugen 1969: 442–49). Men ei slik forklaring føreset at *-n* i opphavleg hokjønn ikkje er lydrett. Eg meiner det er lydrett, av desse grunnane:

2.2 Argument for at *-n* i hokjønn er lydrett

1. Bergensk har *-n* ikkje berre i opphavlege hokjønnsformer, men òg i ord der ein opphavleg, kort *n* ikkje er kjønnsmarkør. Slik skulle det ikkje ha vori dersom *-n* i opphavlege hokjønnsformer i moderne bergensk var overført frå hankjønn. Da skulle *-n*-endinga vera overført berre til dei orda ho fungerer som kjønnsmerke i. Andre ord med opphavleg kort utlyds-*n* skulle derimot fått ha ei lydrett ending “i fred” – venteleg ei vokalending, slik omlandet til Bergen har. Som døme nemner eg strileformene *sjello/sjedlo*, (*i*) *måro*, *inna*, (*jul*)*afta*, m.fl. (munnleg opplysning

Johan Myking; av gammalnorsk *sjaldan*, (*i*) *morgun*, *innan* og *aptan*[*n*]).⁴ Men også desse orda har *-n*-ending i bergensk: *sjelden*, (*i*) *måren*, *innen* og (*jul*)*aften*. Dette tyder på at *-n* av gammalnorsk kort utlyds-*n* er lydrett i bergensk, og dermed at *-n* i hokjønn ikkje er overført frå hankjønn. *Unna*, som kunne tala mot dette resonnementet, er vel lånt i Bergens-målet. Jamfør at forma også er lånt inn i riksmål. Å “komme seg *unden” kan det ikkje heite i nokon variant av norsk, så vidt eg veit. Heller ikkje ei form **måro* skulle nødvendigvis bli trengd ut av bymålet fordi ho likna på strilemålet. Tvert imot har tradisjonell bergensk lånord på *-o* frå omlandet: *sleto* ‘slite, grann, smitt, smule’ (Pettersen 1991: 146, belegg frå 1865). At *n* står i pronomenet *hon*, tyder også på at *-n* er lydrett i hokjønn i bergensk. For i omlandet til Bergen, og elles i norsk, fall *n* også der, med få unntak, og *hon* kan ikkje vera overført frå hankjønn (jf. drøftinga nedanfor).

2. Stockholmsk må òg ha hatt eit genussamanfall tilsvarande det bergenske utan at hankjønnsending vart overført til hokjønn. Det går m.a. fram av *-an*-endinga i dei opphavlege hokjønnsorda i den linne klassen (*visan*, *flickan*), som ikkje kan vera overført frå hankjønn. Tvert imot er *-an*-endinga vorten oppfatta som særmerke for dei linne hokjønnsorda. Det ser vi av at linne hankjønnsord som “festa seg” i oblik form (som gammalsvensk *lughi*, *loghi*, oblik form *lugha*, *logha* (døme frå *Svenska akademiens ordbok*, <http://g3.spraakdata.gu.se/saob/>), bunden form akkusativ *-/an:/* i gammalsvensk, seinare *-/an/*), har fått fleirtalsform (*-or*, *-orna*) overført frå dei opphavlege hokjønnsorda i den linne klassen.
3. Eit fonologisk samanfall som ville ha gjevi samanfall mellom hankjønns- og hokjønnsformene i bergensk, er kjent frå stockholmsk, færøysk og islandsk. Da nominativs-*r*-en i hankjønn vart borte og dei trykklette vokalane fall saman, slik som i bergensk, ville eit samanfall mellom kort og lang utlyds-*n* ført til samanfall mellom nær sagt alle hankjønns- og hokjønnsformer så nær som anaforisk pronomen. (Der blir skilnaden halden oppe fordi rotvokalen er ulik: Gammalnorsk *hann* og *hon*). Eit slikt *n*-samanfall har skjedd i Stockholm, og det er rimelegvis det som har forårsaka fyrste fasen i genussamanfallet der. Det same *n*-samanfallet har skjedd i islandsk og færøysk. (Der er det likevel enno mange genusmarkørar, m.a. fordi islandsk og færøysk enno har kasussystem.)
4. Slik Sørli (1969: 39) peikar på, tyder skrivemåtane i ei handskrift av *Bergens bylov* (AM 322 fol. hd. c) frå ikring 1320 (Skeie 1959: 73) på at utlyds-*n*-en i hankjønn og hokjønn var fallen saman i bergensk da. “Skriveren gjør ingen forskjell i skrivemåten av artikkelendingen i m. nom. (og akk.) og f. nom. Også i hankjønnsartikkelen skrives \bar{n} (nn) : *bocki \bar{n}* [...], *boki \bar{n}* [...]” (ibid: 66).
5. At bergensk heldt fram med hokjønn lenge etter at hankjønn og hokjønn hadde fått same ending (slik Nesse sannsynleggjer), stemmer best med ei utvikling der han-

kjønn og hokjønn på grunn av eit fonologisk samanfall fekk formsamanfall, men elles vart verande “uforstyrta” som grammatiske kategoriar. Det er vanskelegare å tenkje seg at ei så drastisk forskuving i systemet som at hokjønn fekk ny ending, felles med hankjønn, ikkje straks drog meir med seg. Dersom drivkrafta i endringa var tendensen til å få færre grammatiske kategoriar, så skulle ein vente at utviklinga gjekk direkte til dagens system, med røyntleg genussamanfall, røyntleg færre kategoriar å halde styr på. (Jamfør at Torp og Vikør [1994: 78] sitt argument for at hankjønnsendinga er overført til hokjønn, nettopp er at *han* som anaforisk pronomen også viser til opphavlege hokjønnsord.)

2.3 Nytt forslag

På bakgrunn av dette meiner eg det er sannsynleg at *-n* i opphavlege hokjønnsformer er lydrett i bergensk. Det utelukkar i så fall Torp/Vikør og Nesse si forklaring, som føreset at *-n* i opphavleg hokjønn er overført frå hankjønn. Fyrste steget i det bergenske genussamanfallet – samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformer – kjem da av eit samanfall mellom den lange utlyds-*n*-en i hankjønnsformene og den korte i hokjønnsformene. Det ville gjevi samanfall mellom ei hankjønnsform som *eiginn* og ei hokjønnsform som *eigin*. (Så sant ikkje nasaliteten i endevokalen i *eigin* kunne ta over tydingsberinga. [Tydingskiljande endring av kvaliteten på vokalen – pga. nasaliteten – skulle vi kunne sjå bort frå pga. vokalreduksjonen, jf. note 2.]) Spørsmålet er korleis eit slikt samanfall kan forklarast, når det ikkje har skjedd elles i norsk. Det verkar rimeleg at det har noko med språkkontakt å gjera, slik Jahr og Nesse har føreslått, og da helst kontakt med nedertysk. Eg ser to argument for det: Det eine er at granskarane ikkje har klart å forklare det som heimleg vokster. Det andre er det Pedersen (1999: 80) peikar på: Dei store handelsbyane Stockholm, København og Bergen får same utviklinga til tokjønnsdialektar enda dei er omgjevne av trekjønnsdialektar. Derfor forklarar Pedersen det københavnske (og dermed riksdanske) tokjønnsystemet som resultat av kontakt med mellomnedertysk. På bakgrunn av dette verkar det rimeleg at samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformer i bergensk kjem av kontakt med mellomnedertysk.

Da blir spørsmålet om kontakt med mellomnedertysk kan forklare eit samanfall av dei to *n*-kvantitetane i utlyd. Det burde vera mogeleg, sidan mellomnedertysk “i hovedtrekkene” (Braunmüller 1995: 35) hadde same kvantitetssystemet som moderne norsk og svensk. Til liks med nynorsk hadde ikkje mellomnedertysk kvantitetsmotsetnad i trykklett staving. Det hadde gammalnorsk, og den motsetnaden skilde t.d. hankjønnsforma *eiginn* frå hokjønnsforma *eigin*. I Noreg utanom Bergen kom tydelegvis kvantitetsomlegginga i trykklett staving etter at den korte utlyds-*n*-en var fallen bort – elles ville ei form som *eiginn* ha falli saman med *eigin*. (Men det gjorde det som kjent ikkje, det vart *eigen* : *eigi*, *eiga*, osv.) Dersom *bergensk* likevel fekk kvantitetsomlegging i trykklett staving *før* den korte utlyds-*n*-en var fallen bort, så ville former som *eiginn* og *eigin* falle saman i det målet. Eg føreslår at det er det som har skjedd, og at særvoksteren i bergensk kjem av påverknad frå det mellomnedertyske

kvantitetssystemet. Finlandssvenske målføretilhøve tyder på at kvantitetspåverknad er moegeleg. “Stavelseförlängningen har berört det finländska området i mycket begränsad utsträckning.” (Ahlbäck 1956: 10, jf. 11, 31–32, 42). Det kan ein setta i samband med kontakten med finsk, som har stuttstavingar (jf. Torp/Vikør 1994: 53–54). At bergensk så tidleg fekk full vokalreduksjon i trykklett staving (jf. Sørli 1969: 24 ff og note 2 her), gjer det rimeleg at bergensk tidlegare enn resten av landet avvikla kvantitetsmotsetnaden. Det ville vera overraskande om kvantitetsmotsetnaden i trykklett staving vart halden oppe trass i vokalreduksjonen. Den “slappe” uttalen av trykklett staving som vokalreduksjonen vitnar om, ville venteleg også gje samanfall i kvantiteten i trykklett staving. Den var bunden til ein konsonant (endekonsonanten) enda lenger ute i ordet enn den trykklette vokalen, og skulle derfor vera meir utsett for svekking enn den.

At kvantitetsmotsetnaden i trykklett staving blir oppheva, inneber at kort og lang utlydskonsonant fell saman. Når det gjeld kort og lang *-n*, kan samanfallet da minne noko om samanfallet mellom palatal og alveolar *n* i nordnorske bymål i dag. (Jamvel om det da er ein kvalitets-, og ikkje ein kvantitetsmotsetnad, som blir nøytralisert.) I tradisjonell nordnorsk finst det ei rad minimale par med motsetnad mellom palatale og dentale konsonantar (Myrvang 1972 har liste). Eg nemner nokre med *n* : *ɲ* : /ga:nə/ ‘gane’ : /ga: ɲə/ ‘gande’, /han/ ‘pronomen’ : /hɑɲ/ ‘hand’, /sin/ ‘pronomen’ : /sij/ ‘sinn, hug’. Venteleg på grunn av påverknad frå høgstatusspråket søraustlandsk, som ikkje har dei palatale variantane, er palatalane no på vikande front i dei nordnorske bymåla. I Narvik er det berre gamle folk som har palatalane, og ei liknande utvikling er langt kommen også i Tromsø. Denne nordnorske språkendinga skjer i ein språkkontaktsituasjon som minner om den Nesse og Braunmüller meiner var mellom nordmennene og hanseatane i Bergen. Begge partane snakkar morsmålet sitt (dialekten / sosiolekten dei er oppvaksne med), og dei framande høgstatuspratarane er i forsvinnande mindretal, men pregar likevel målet til dei innfødde på avgjerande vis. Mekanisamen er at dei innfødde legg av seg uttalevariantar som er avstikkande i høve til statusspråket. På same vis kan ein tenkje seg at bergensarane la av seg dei lange utlyds-*n*-ane fordi dei var avstikkande i høve til mellomnedertysk, som rimelegvis hadde høg status i Bergen den gongen. Avvikling av kvantitetsmotsetnad i trykklett staving ville òg fjerne motsetnaden mellom lang og kort utlyds-*l*, som i nokre tilfelle bar kjønns-motsetnad i gammalnorsk (*lítill* : *lítill*, adj.). (Men det kan ha hatt lite å seia, sidan slike former tidleg vart analogisk omforma, *lítill* vart *lítinn*.)

Det kan tenkjast at den lange *-n*- i bergensk var palatal da dette skjedde. Seip (1955: 298) meiner “palatale *l*- og *n*-forbindelser” var meir utbreidde i sein gammalnorsk enn i dag. Nynorsk palatalisering av gammalnorsk *-nn* (også trykklett) når på kysten mesta sør til Bergen (sjå Sandøy 1987: 78). Palataliseringa er venteleg eldre enn forkortinga av trykklett *-nn* (altså kvantitetsomlegginga i trykklett staving), sidan det er gammal *-nn* som blir palatalisert. Dersom den bergenske “hankjønns-*n*-en” var både lang og palatal, skulle ikkje det endre det prinsipielle i resonnementet eg set fram. Uttalen ville da vike enda meir av frå mellomnedertysk og derfor vera enda meir utsett.⁵

Da kvantitetsmotsetnaden i trykklett staving vart oppheva, vart samanfallsproduktet den gamle *korte n*-en. Utan kvantitetsmotsetnad er det ikkje behov for lang kvantitet i trykklett stilling, og også utanom bergensk er den gamle lange *n*-en i trykklett staving forkorta etter at kvantitetsmotsetnaden i trykklett staving vart avvikla. Skrivemåten med lang *n* både i hankjønn og hokjønn i den nemnde handskrifta av Bergens bylov er helst hyperkorrekt. Samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformer i bergensk kan da, noko overraskande, beskrivast slik at hankjønn får hokjønnsform (nøytraliseringsproduktet = den gamle hokjønnsforma). Da kan det sjå ut til at eit stort problem framleis står att. Problemet med felleskjønnet i bergensk er ikkje berre å forklare at opphavlege hokjønnsformer har fått same form som hankjønn. Problemet er også å forklare at den korte utlyds-*n*-en ikkje fell bort, slik som elles i norsk. Det problemet blir ikkje utan vidare mindre om ein bergensk særvokster gjev meir enn dobbelt så mange former med kort utlyds-*n*. Likevel kan det tenkjast at samanfallet mellom den korte og den lange utlyds-*n*-en avgjerande endra “rammevilkåra” for bortfallet av kort utlyds-*n*. Bortfallet av kort utlyds-*n* i norsk skjedde på eit språksteg der kort utlyds-*n* stod i tydingsskiljande motsetnad til lang utlyds-*n*. (Nasaliteten og den etter kvart opnare kvaliteten til gammal *e/i* føre kort *n* var allofonisk.) I same stund som bergensk fekk berre éin *n*-kvantitet i utlyd, var situasjonen ein annan der – jf. at kort utlyds-*n* ikkje fell i moderne norsk. Kanskje kan ein sjå det slik at samanfallet mellom dei to *n*-kvantitetane i utlyd førde bergensdialekten (når det gjeld utlyds-*n*) over på det moderne språksteget, der utlyds-*n* ikkje fell bort. Meir konkret kan ein resonnerer slik: Bortfallet av kort utlyds-*n* elles i norsk kan sjåast som utslag av “strevet” med å halde to *n*-kvantitetar frå einannan. Kvantitetsmotsetnaden gjorde den korte “litt *for* kort”, slik at han av den grunn fall bort. Denne mekanismen fall bort i lag med kvantitetsmotsetnaden. Dermed fekk kort utlyds-*n* i bergensk “stå i fred”, unngjekk “forkortingspress” frå den lange.

Bergensk trong ikkje å ha gjennomført kvantitetsomlegging i *trykksterk* staving for å få *n*-samanfall gjennom den mekanismen eg skisserer. Det ser ut til at kvantitetsmotsetnad over alt i Norden blir avvikla tidlegare i trykklett staving enn i trykk tung. Dei måla som har bevart ein del av det gamle kvantitetssystemet, har det berre i trykk tung staving, etter det eg kjenner til. (Stuttstaving: Nokre dalmål og oppsvenske mål [Sjödahl 1937: 79 ff], mange austsvenske mål [Ahlbäck 1956: 10–11], Midt- og Nord-Gudbrandsdalen. Overlang staving: Nokre austsvenske mål og dalmål [Nysström 2000, særleg 31–32], Setesdalen, dessutan Øyfjorden på Senja [Iversen 1913: 30], som ser ut til å vera oversett i faglitteraturen.) Likevel ville kjønnsmarkørar som *einn* og *ein*, *hinn* og *hin* i prinsippet ikkje falle saman før kvantitetsomlegginga var gjennomført også i trykksterk staving, for desse orda er einstava og derfor trykk tung. Men som andre determinativ, pronomen og kvantorar står dei ofte trykklett i setninga, slik at dagens former oftast kan først attende til trykklette former. Dagens strileformer /den/, /han/ og /hin/ kjem helst av lette former med kort *n*, sidan det ikkje heiter **dedn*, **hadn* og **hidn*, av gammalnorsk *þann*, *hann*, *hinn*, enda *skinn*, *n.*, *brunnr*, *m.*, og *qnn*, *f.*, er vortne /sjidn/, /brūdn/ og /odn/ (Målføresynop-

sen).⁶ Også elles i landet ser pronomener og andre kjønnsmarkørar ut til oftast å komma av trykklette former. Den nordnorske pronomenerforma /han/ kjem helst av ei lett form med kort *n*, sidan *n*-en ikkje er palatal, slik som i /kɑn/, av gammalnorsk *kann*, presens. Også pronomeneret *ho / hu* (heile landet) kjem av ei lett form, sidan *n*-en er fallen, enda kort *n* elles står i trykksterk staving – jf. at det heiter *tun, syn, son* og *mon(n)* (ikkje **tu, *sy, *so, *mo*), av gammalnorsk *tún, sýn, son(r), mun(r)*. Jamfør også at Aasen (1965: 171) opplyser at det i Nordfjord og i Salten heitte *hon* og *hån* i trykksterk stilling, og *ho* trykklett. På same vis har dagens trykksterke form av *hann* i Trøndelag opphav i ei form med lang *n*, sidan *n*-en i dag er palatal, medan den trykklette forma, /n/, skriv seg frå ei form med kort *n*, sidan *n*-en er alveolar. Det er vel kjent at pronomenera *du, deg, det*, skriv seg frå lette former, sidan det er *d-*, og ikkje *t-* i framlyd. At utlyds-*t*-en er fallen i *det*, syner det same – det er berre i trykklett staving *-t* fell i norsk, jf. at han står i t.d. *flat*, adj. Også kvantoren (“ubunden artikkel”) *ein* står ofte trykklett. Det er venteleg grunnen til at det i Sunnhordland heiter *ein*, og ikkje **eidn*. Når *steinn* blir *steidn*, skulle også *einn* bli **eidn*. Den forma vi finn, *ein*, kjem da helst av ei trykklett form med forkorta *n*.⁷ At det i store delar av landet heiter *en*, enda det heiter *stein, rein, bein* (adj.), osb., kjem truleg av det same. – På bakgrunn av dette, skulle kvantitetsomlegging i trykklett stilling før kort utlyds-*n* fall bort, vera nok til å gje eit nokså allment samanfall mellom hankjønns- og hokjønnsformene. Eg vil likevel ikkje utelukke at det i trykksterk stilling vart skilt mellom *einn* og *hinn* osb. i hankjønns og *ein* og *hin* osb. i hokjønns kortare eller lengre tid etter kvantitetsomlegginga i trykklett stilling. Det kan tenkjast, men at /han/ og /hun/ har lik kvantitet i nyare tids bergensdialekt, tyder på at det tidleg vart samanfall i *n*-kvantiteten også i slike kjønnsmarkørar.

Det kan òg tenkjast at endingsvokalen i hokjønnsformene var vorten nasal før kvantitetsomlegginga i trykklett stilling, slik som i strilemålet (jf. framstillinga i t.d. Sandøy 1987: 206–07). I så fall kunne nasaliteten bli tydingsskiljande etter det *-nn/-n*-samanfallet eg skisserer: /²so:læn/ ‘(sko)solen’ mot /so:læn/ ‘sola’. Men også nasaliteten ville vera avstikkande mot nedertysk uttale, så venteleg ville han forsvinne raskare frå bergensk enn frå dei andre målføra. (Noka reversering av den kvalitetsendringa som nasaleringa gjerne førde med seg, trengst ikkje, sidan vokalreduksjonen [jf. note 2] gav bergensk same trykklette vokalen i både [opphavlege] hokjønns- og hankjønnsendingar; jf. uttaledøma.)

Dersom bergensk fekk eit slikt samanfall mellom kort og lang *n* som eg skisserer – kor tidleg kan det ha skjedd? Eg kjenner ikkje til at nokon daterer kvantitetsomlegginga i trykklett staving. Om utviklinga i *trykkting* staving seier Indrebø (1951: 221) at “Lengjingi av stutt ljossterk staving tok til i fyrstningi av millomnorsk tid, ja sume stader alt i den seinare luten av gamalnorsk (13. hdr.)”. Han nemner ikkje kva stader det er snakk om. Kor som er, er det grunn til å rekne med at omlegginga i trykklett staving kom tidlegare enn i trykkting staving, for dei målføra som har bevart ein del av det gamle kvantitetssystemet har det berre i trykksterk staving. (Sjå ovanfor) Og når det gjeld kvantitetsomlegginga i trykklett staving, er det grunn til å tru at Bergen var

tidleg ute, slik eg har argumentert for ovanfor.⁸ Det kan derfor tenkjast at kvantitetsomlegginga i trykklett staving og dermed samanfall mellom hankjønns- og hokjønnsformer i bergensk kom så tidleg som Bergen bylov-handskriftet frå ikring 1320 tyder på. Dei fleste granskarane meiner Bergen hadde eit eige målføre på midten av 1200-talet (jf. Rindal 1983: 41), og hanseatane hadde handla under særskilde privilegium der frå 1240 (Nedkvitne 1994: 9–10, opplysning frå Nesse 2001: 85), jamvel om det kanskje ikkje var før ikring 1350 at “den virkelig intense språkkontakten” (Nesse 2001: 86) mellom norsk og nedertysk tok til i Bergen. Likevel bør fleire Bergens-tekstar frå før 1350 granskast nærare (jf. Rindal 1983) før ein kan tidfeste kvantitetsomlegginga i trykklett staving i bergensk så tidleg. Dersom det skjedde så tidleg, har det ikkje straks ført med seg samanfall mellom hankjønns- og hokjønnsformer, sidan bergensk den gongen enno hadde fullt kasussystem og meir enn *schwa* som endevoikal. Skilnad på hankjønns og hokjønns kom dermed fram jamvel om det ikkje var kvantitetsskilnad på utlyds-*n*. Slik er det jo i islandsk og færøysk i dag. I så fall var det fyrst med kasusoppløysinga (oblike kasus fall bort, slik at berre nominativ stod att) og vokalreduksjonen at hankjønns- og hokjønnsformene fall saman i bergensk. Dersom kvantitetsomlegginga i trykklett staving kom lenger utpå 1300-talet, og dermed samstundes med eller etter kasusoppløysinga og vokalreduksjonen, burde ho likevel kunne forklare samanfallet mellom hankjønns- og hokjønnsformer i bergensk.

3 Avslutning

I denne artikkelen har eg føreslått ei forklaring av felleskjønnet i bergensk som føreset språkkontakt, men som samstundes er systemintern: Kontakt med eit anna språk gjev eit “puff” til det heimlege systemet, som så utviklar seg etter nye, interne lover. Siste ordet om felleskjønnet i bergensk er neppe sagt med dette. Éin ting vonar eg likevel å ha vist: Nye tilnærmingar overflødiggjær ikkje den tradisjonelle lydlovstilnærminga. Den moderne språkkontakttilnærminga kan opne for nye perspektiv og forklaringar – slik vart denne artikkelen til – men ho kan berre *utfylle* dei tradisjonelle tilnærmingane, ikkje erstatte dei.

Notar

- 1 Eldre (riks)svensk hadde overgang frå anaforisk *han / hon* til *den* frå ikring 1500 til fram imot 1900 (Davidsson 1990, særleg 53, 64).
- 2 Eg føreset at bergensk fekk slik vokalreduksjon føre *-n* som austlandsk fekk etter langstaving, sjå Indrebø 1951: 237–38 (“*vísan > vísæn > vísæ > visa*”), Seip 1955: 253–54, 271; Knudsen 1936: 197.
- 3 Eg ser her bort frå teoriane om at *n* og *nn* også hadde ulik kvalitet, ikkje berre ulik kvantitet (sjå t.d. Nyström 2000: 29–30). Det er ikkje semje om det spørsmålet, og av t.d. finsk ser vi at det kan fungere heilt fint med ein rein kvantitetsmotsetnad.
- 4 Gammalnorsk hadde lang *n* i nominativ i *aptann* og *morgunn*, men strileformene *afta* og *måro* må skrive seg frå former med kort *n* – anten gammalnorske oblike former eller mellomnorske former utan nominativsmerke.

- 5 Det er verd å undersøke om ein motsetnad palatal *n* : ikkje-palatal *n* i københavnsk kan ha vorti oppheva gjennom den mekanismen eg skisserer, slik at dét kan ha gjevi samanfall mellom han-kjønns- og hokjønnsending der.
- 6 Nærare om Målføresynopsen hos Bakken 2000: 7, note 4.
- 7 I Nordhordland heiter det *stein, sein*, osv., etter Målføresynopsen.
- 8 Kolsrud (1951: 103, 104) meiner Bergen og Nordhordland heldt lenge på stuttstavingar i *trykk-tung* staving. (Det er forklaringa på at bergensk har kort vokal i mange opphavlege stuttstavingar [som *vitte*, vb., < *vita*, og *vitt*, n., < *vit*], meiner Kolsrud.) Det høver med at mellomnedertysk hadde stuttstaving i einstava ord (slik som moderne dansk), jf. Braunmüller (1995: 35), men dårlegare med at mellomnedertysk (slik eg oppfattar Braunmüller) ikkje hadde stuttstaving i tostava ord. Kanskje kan ein tenkje seg at dersom stuttstaving – pga. kontakt med mellomnedertysk – vart halden ved lag i einstava ord, så ”følgde dei tostava orda med på lasset”, fordi stuttstavingane i norsk og svensk ser ut til å halde seg lengst i tostava ord. Stuttstaving i både ein- og tostava ord er det i Noreg berre Nord-Gudbrandsdalen som har i dag (jf. Sandøy 1987: 169). Men Midt-Gudbrandsdalen (ibid), Tinn i Aust-Telemark og “i nokon mun trøndske bygdemål” “hev halde uppe stutt rotstaving i ymse tvostava ord (som *lësa* og *håra*)”, seier Indrebø (1951: 221). Også i svenske og finlandssvenske målføre held stuttstavingane seg best i tostavingar (Sjödahl 1937: 79 ff, Ahlbäck 1956: 10–11). – Det ville vori interessant å jamføre bergenske og mellomnedertyske kvantitetstilhøve meir inngående.

Litteratur

- Bakken, Kristin. 2000. “Navn og restitusjon av lydendring.” *Namn och bygd* 88: 5–24.
- Beito, Olav T. 1954. *Genusskifte i nynorsk*. Skrifter utgitt av Det norske videnskaps-akademi i Oslo. II, Historisk-filosofiske klasse. 1. bind. Oslo: Dybwad.
- Braunmüller, Kurt. 1995. “Forudsætninger for at overtage middelnedertyske sprogstrukturer i de skandinaviske sprog.” I: *Nordisk og nedertysk. Språkkontakt og språkutvikling i Norden i seinmellomalderen*, utg. Ernst Håkon Jahr, 29–54. Oslo: Novus.
- Davidsson, Herbert. 1990. *Han hon den. Genusutvecklingen i svenskan under nysvensk tid*. Lund: Lund University Press.
- Haugen, Einar. [1953] 1969. *The Norwegian language in America. A study in bilingual behavior*. Publications of the American Institute, University of Oslo. 1. utg. 1953. Bloomington: Indiana University Press.
- Indrebø, Gustav. 1951. *Norsk målsoga*. Utg. Per Hovda og Per Thorson. Bergen: Grieg.
- Iversen, Ragnvald, 1913. *Senjen-maalet. Lydverket i hovuddrag*. Videnskapsselskapets skrifter. II, Hist.-filos. klasse 1912:4. Kristiania: Dybwad.
- Jahr, Ernst Håkon. 1995. “Nedertysk og nordisk: Språksamfunn og språkkontakt i Hansa-tida.” I: *Nordisk og nedertysk. Språkkontakt og språkutvikling i Norden i seinmellomalderen*, utg. Ernst Håkon Jahr, 9–28. Oslo: Novus.
- Knudsen, Trygve. 1936. “D.A. Seip: ‘Norsk språkhistorie til omkring 1370’.” *Maal og Minne* 1936: 177–209.
- Kolsrud, Sigurd. 1951. *Nynorsken i sine målføre*. Oslo: Dybwad.
- Larsen, Amund B. og Gerhard Stoltz. 1912. *Bergens bymål*. Kristiania: Aschehoug.
- Myrvang, Finn. 1972. “Palatalar – allofonar eller eigne fonem?” *Maal og Minne* 1972: 66–73.
- Nedkvitne, Arnved. 1994. “How important was Hansa Trade for the Norwegian Economy?” I: *Norwegen und die Hanse. Wirtschaftliche und kulturelle Aspekte im europäischen Vergleich*, utg. Arnved Nedkvitne og Volker Henn. Kieler Werkstücke. Reihe A, Beiträge zur schleswig-holsteinischen und skandinavischen Geschichte, bd. 11, 9–18. Frankfurt am Main: Peter Lang.
- Nesse, Agnete. 2002. *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*. Det norske viden-

- skaps-akademi. II.Hist.-filos. klasse. Skrifter og avhandlinger Nr. 2. Oslo: Novus.
- Nyström, Gunnar. 2000. "Språkhistorien och vår tids svenska dialekter. Nya rön om Älvdalsmålets fonologi och morfologi." I: *Studier i svensk språkhistoria 5. Förhandlingar vid Femte sammankomsten för svenska språkets historia. Umeå 20–22 november 1997*, utg. Lars-Erik Edlund, 25–48. Umeå: Institutionen för litteraturvetenskap och nordiska språk vid Umeå universitet.
- Pedersen, Karen Margrethe. 1999. "Genusforenkling i københavnsk". I *Danske Folkemål* 41: 79–105.
- Pettersen, Egil. 1991. *Bergensordboken. Ord – uttrykk – vendinger og begrep i Bergens bymål*. Bergen: Alma Mater.
- . 1996. *Ka e' tiss? Bergensmålet gjennom tidene slik forfatterne har brukt det*. Bergen: Alma mater.
- Rindal, Magnus. 1983. "Bergens eldste bymål." *Eigenproduksjon* 19: 39–49.
- Sandøy, Helge. 1987. *Norsk dialektkunnskap*. 2. utg. Oslo: Novus.
- Seip, Didrik Arup. 1955. *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. 2. utg. Oslo: Aschehoug.
- Sjödahl, Nils. 1937. *Gammal kort stavelse i Västerdalmålen*. Svenska landsmål och svenskt folkliv. B. 34. Stockholm.
- Skeie, Kjell. 1959. *Lydverket i Bergen bylov i AM 322 fol*. Hovedoppgave i nordisk. Universitetet i Bergen.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sørli, Mikjel. 1969. *Bergens eldste bymål og andre studier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 1994. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 2. utg. Oslo: Gyldendal.
- Trosterud, Trond. 2001. "Genustilordning i norsk er regelstyrt." *Norsk lingvistisk tidsskrift* 19: 29–58.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Oxford: Blackwell.
- . 1994. "Language contact and dialect contact in linguistic change". I: *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden*, utg. Ulla-Britt Kotsinas og John Helgander, 13–22. Stockholm: Stockholms universitet.
- Aasen, Ivar. 1965. *Norsk Grammatik*. Etter fyrsteutgåva frå 1864. Oslo: Universitetsforlaget.

Eldar Heide
 Universitetet i Bergen
 Nordisk institutt
 Sydneplassen 7
 NO-5007 Bergen
 eldar.heide@nor.uib.no